

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: onsdag 12. november 2014
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord Rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 95 98 69 77, e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sakene 21-22/14

Sakliste:

- 19/14 Godkjenning av protokoll frå møte 16.09.14
- 20/14 Referat- og orienteringssaker 12.11.14
- 21/14 Oppfølging av rapport «Eigarskapskontroll»
- 22/14 Orientering om framlegg til budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018
- 23/14 Vindkraftverk-saka
- 24/14 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt 2015
- 25/14 Møteplan 2015

Eventuelt

Ølen/Aksdal, 05.11.14

Øyvind Haraldseid (sign.)
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalgssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sakene 21-22/14)
Varamedlemmer (til orientering, Peder Lothe er innkalla for Nils Terje Oma)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.11.14	19/14
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.09.14

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 16.09.14


Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 16.09.14 ligg ved saka til godkjenning. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 16.09.14 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 05.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 16. september 2014 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Øyvind Haraldseid.

MØTESTAD:	Vindafjord Rådhus, formannskapsalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 16.30 (inkl. pause)
MØTANDE MEDLEMER:	Øyvind Haraldseid (H), Margrete Veim (Frp), Bjørg Borgemyr (Krf), Nils Terje Oma (Ap), og Anders Haugland (Sp)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland - KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.05.14

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.05.14 blir godkjent.

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.05.14 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 11/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.09.14

17. Statusrapport pr. september 2014
18. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
19. KS – lokale og regionale prosesser vedk. kommunereforma

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14:

Utvalssekretær gjorde greie for referatsakene. Ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:

Kontrollutvalet tek referatsakene 17 – 19 til orientering.

SAK 12/14 OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR REKNESKAPEN 2013

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Vindafjord tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader i årsrekneskapen for 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14:

Utvalssekretær gjorde greie for saka. Rådmannen v/økonomisjefen har i brev gjort greie for at administrasjonen vil etterkome revisor sine merknadar. Desse merknadane omhandla tilstrekkeleg dekning på skattetrekkkonto og budsjettregulering. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:

Kontrollutvalet i Vindafjord tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader i årsrekneskapen for 2013 til orientering.

SAK 13/14 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2014

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14:

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Roald Stakland – KPMG AS, til orientering.

SAK 14/14 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2014

(Ikkje offentleg jf. - Ofl. § 24/KL § 31 nr 5)

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2014 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14

Leiar innleia kort om saka. Planen blei delt ut i møtet. Revisor gjekk igjennom planen. Han nemnde spesielt erfaringane frå fjorårets revisjon og fokusområda i årets revisjon. Utvalet hadde ingen merknader til planen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:

Vindafjord kontrollutval tar revisor sin presentasjon av revisjonsplan for rekneskapsåret 2014 til orientering.

SAK 15/14 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlengje avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Vindafjord kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlengje avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Vindafjord kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

SAK 16/14 REGLEMENTET FOR KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14

Utvalssekretær gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

SAK 17/14 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2015 – UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Vindafjord kommune for 2015 med ei totalramme på kr 684.000, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	94.000
Kjøp av sekretærtjenester	Kr	170.000
Kjøp av revisjonstjenester	Kr	420.000
Totalt	Kr	684.000

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14 og innstilling til kommunestyret:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Vindafjord kommune for 2015 med ei totalramme på kr 684.000, som fordel seg slik:

<i>Kontrollutvalet si eiga verksemd</i>	<i>Kr</i>	<i>94.000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester</i>	<i>Kr</i>	<i>170.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester</i>	<i>Kr</i>	<i>420.000</i>
<i>Totalt</i>	<i>Kr</i>	<i>684.000</i>

SAK 18/14 INVITASJON - SELSKAPSKONTROLL - HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGS-PARK AS - PROSJEKTPLAN

Sekretariatet si innstilling:

1. Vindafjord kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

2. Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet.
3. Vindafjord kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timestfordeling og gjennomføring av prosjektet.

Handsaming i kontrollutvalet 16.09.14

Leiar gjorde greie for saka. Han peika på at det var omfattande og aktuelle problemstillingar som var tatt inn i prosjektplanen. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.09.14:

1. *Vindafjord kontrollutval bestiller selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i samarbeid med dei andre eigarkommunane, i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS.*
2. *Totalramma blir sett til 380 timer. Timetalet blir delt på eigarkommunane i samsvar med eigardel i selskapet. For Vindafjord kontrollutval vil dette utgjere 26 timar.*
3. *Vindafjord kontrollutval har ikkje innvendingar mot at utvalsleiarane for Karmøy og Haugesund får hovudansvaret for å godkjenne endeleg prosjektplan, timestfordeling og gjennomføring av prosjektet.*

EVENTUELT

Vindkraftverk-saka

Anders Haugland tok opp att sak frå førre møte, under Eventuelt, om kommunen sin handsaming rundt etablering av vindkraftverk og krav framsett til ein utbyggingsavtale.

Utvalet var samd om at dei ville be revisor sjå nærare på forholda og dokumentasjon lagt fram i kommunestyresak 14/14, Vindkraftverk og utbyggingsavtalar, samt 15 og 16/14 om høyring for søknad om konsesjon.

Utvalet ønskte at det blir lagt fram sak til neste møte.

Neste møte: 12.11.14, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 16.09.14

Øyvind Haraldseid
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.11.14	20/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 12.11.14

Saksvedlegg:

20. Statusrapport pr. november 2014
21. Representantskapsmøte 25.11.14, kl. 15.00 – HIM IKS
22. Invitasjon til konferanse i Sandnes 20.11.14 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland
23. K-styrevedtak 28.10.14, sak 73/14 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
24. K-styrevedtak 28.10.14, sak 74/14 – Reglement for kontrollutvalet
25. Presseklipp frå Haugesunds Avis 15.10.14 - selskapskontroll i Haugaland Kraft AS


Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.


SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsaker 20 – 25 blir tatt til orientering.

Aksdal, 05.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt november 2014 - Kontrollutvalet

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Teknisk sektor	14.05.14	220 timar	Under utarbeiding	Februar 2015	Utsett av revisor
Selskapskontroller					
Haugaland Kraft/ Haugaland Næringspark	16.09.14	26 timer	Under utarbeiding	Våren 2015	Samarbeidsprosjekt
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Selskapskontroller					
Eigarskapskontroll	20.02.13	15.05.13	KST 10.06.13	12.11.14	
Andre saker					

Avslutta prosjekter i 2012/2013/2014

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Øyane Asvo	21.11.12	15.05.13	KST 10.06.13	19.02.14/ 22.04.14	
Selskapskontroller					
Interkommunalt Arkiv	15.05.12	20.02.13	KST 19.03.13	13.11.13/ 17.12.13	
Andre saker					

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 27.10.14
Journalført: 14/357/096
Arkivkode: 217



VEDLEGG SAK 20/14

HIM
Telefon 52 76 50 50
Telefax 52 76 50 51
e-post: him@him.as

Representantskapet

Dato 27.10.14

**INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET
HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK
TIRSDAG 25. NOVEMBER KL 15.00**

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten. Møtet holdes tirsdag 25.11.14 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark.

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 46. Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Ordfører Kyrre Lindanger, 5561 Bokn
Bokn	May Jorunn Vatnaland, 5561 Bokn
Etne	Ordfører Sigve Sørheim, Postboks 54, 5591 Etne
Etne	Gunlaug Pedersen, Mæland, 5590 Etne
Haugesund	Norman Thune jr, Norrønagata 19, 5529 Haugesund
Haugesund	Torleiv Kvalvik, Haugaleite 24, 5515 Haugesund
Haugesund	Arne Løvvik, Rindå 3, 5533 Haugesund
Haugesund	Alf Edvinson, Valhallgata 5, 5531 Haugesund
Tysvær	Ordfører Harald A. Stakkestad, Postboks 94, 5575 Aksdal
Tysvær	Lars Birger Baustad, 5570 Aksdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal, Rådhuset, 5580 Ølen
Vindafjord	Varaordfører Steinar Skartland, Skartland, 5568 Vikebygd

Innkallingen sendes også til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat (kun pr e-post etter avtale)
Styreleder i HIM, Geir Worum, Stjørdalsvn. 20, 5515 Haugesund

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Anita Kro, 5561 Bokn
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Ekrheim, 5590 Etne
Haugesund	Ingrid T. Rein, Tambarskjelves gate 12, 5523 Haugesund
Tysvær	Varaordfører Kristine Aurdal, 5576 Tysværvåg
Vindafjord	Tove Elise Frøland, Kårhus, 5578 Nedre Vats

Følgende deltakerkommuner er varslet:

Bokn kommune, ordføreren, 5561 Bokn
Etne kommune, ordføreren, Postboks 54, 5591 Etne
Haugesund kommune, ordføreren, Postboks 2160, 5504 Haugesund
Tysvær kommune, ordføreren, Postboks 94, 5575 Aksdal
Vindafjord kommune, ordføreren, 5580 Ølen

oktober 24, 2014

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Valg av protokollfører

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen

Godkjenning av sakliste

Referat- og orienteringssaker:

14.05 Protokoll fra møte i representantskapet 21.05.14

14.06 Presentasjon av høstens kundeundersøkelse ved MomentAnalyse v/Christian Dversnes

14.07 Orientering om avfallsbransjen/HIM pr nov. 2014 v/Gro Staveland

Vedtaksaker:

14.07 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018

Eventuelt:

Ordet fritt

Kyrre Lindanger
Leder repr.skapet


Gro Staveland
Adm direktør



VINDAFJORD KOMMUNE

Haugaland

Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 03.11.14

Journalført: 14/3881 ogl

Arkivkode: 212

Service- og fellestenester.

Saksh: Magne Inge Vårvik

Tlf: 53 65 65 21

Dato : 03.11.2014

Vår ref: 14/15209

Dykkar ref:

Arkiv: K1-

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Odd Gunnar Høie

REVISJONSAVTALEN - BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16

Det vert vist til Dykkar oversending av ovannemnde sak for handsaming i kommunestyret.

Vindafjord kommunestyre handsama saka i møte 28.10.14, sak 073/14, og gjorde slikt vedtak:

Vindafjord kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Vindafjord kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

Særutskrift av kommunestyret si handsaming ligg ved.

Med helsing


Magne Inge Vårvik

Seniorrådgjevar politisk sekretariat

Vedlegg.

VINDAFJORD KOMMUNE
SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Saksansvarlig	Møtedato	Saken	Saksbehandler
Kontrollutvalget	23.06.2016	078/14	MIV

Avgjerd av: Saksansv.: Magne Inge Vårvik	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 11/1455
---	-------------------------------------	------------------------------

REVISJONSAVTALEN - BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
12	I	30.09.2014	Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS	OVERSENDELSE AV SAK TIL KOMMUNESTYRET - REVISJONSAVTALEN

Aktuelle lovar, forskrifter, avtaler, reglement m.m.:

Forskrift om kontrollutval, §16

Saka gjeld:

Bruk av opsjon når det gjeld revisjonsavtalen.

Saksopplysningar:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS v/utvalssekretær Odd Gunnar Høie oversender i skriv datert 30.09.14 Kontrollutvalet si handsaming av sak 15/14; Revisjonsavtalen – Bruk av opsjon til 30.06.16, for handsaming i kommunestyret.

Kontrollutvalet si handsaming i møte 16.09.14, sak 15/14:

Leiar gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK I KONTROLLUTVALET OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Vindafjord kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlengje avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Vindafjord kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

28.10.2014 KOMMUNESTYRET

Kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret vart samrøystes vedtatt (med 24 røyster).

KS-073/14 VEDTAK SAMRØYSTES (MED 24 RØYSTER):

Vindafjord kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Vindafjord kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.



VINDAFJORD KOMMUNE

VEDLEGG SAK 28/14
Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 03.11.14
Journalført: 14/389/ogh
Arkivkode: 33

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
v/Odd Gunnar Høie

Service- og fellestenester.

Saksh: Magne Inge Vårvik

Tlf: 53 65 65 21

Dato : 03.11.2014

Vår ref: 14/15211

Dykkar ref:

Arkiv: K1-033

REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET - ENDRING VEDKOMANDE KAP. 8 OM HØYRING

Det vert vist til dykkar oversending av ovannemnde sak for handsaming i kommunestyret.


Vindafjord kommunestyre handsama saka i møte 28.10.14, sak 074/14, og gjorde slikt vedtak:

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kapittel 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Særutskrift av kommunestyret si handsaming ligg ved.

Med helsing


Magne Inge Vårvik

Seniorrådgjevar politisk sekretariat

Vedlegg.

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Utvalgsinstans	Dato	Saksnr	Saksinstans
Kommunestyret	28.10.2014	024/14	IKS

Avgjerd av: Saksansv.: Magne Inge Vårvik	Arkiv: K1-033 Objekt:	Arkivsaknr 14/2070
---	--	------------------------------

REGLEMENTET FOR KONTROLLUTVALET - ENDRING VEDKOMANDE KAP. 8 OM HØYRING

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	30.09.2014	Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS	OVERSENDELSE AV SAK TIL KOMMUNESTYRET - ENDRING AV REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALGET

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Reglement for kontrollutvalet
«Kontrollutvalgsbok»
Rettleiar «Høring i kontrollutvalget»

Saka gjeld:

Forslag til endring i gjeldande reglement for kontrollutvalet vedkomande kap. 8 om høyring.

Saksopplysningar:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS v/utvalssekretær Odd Gunnar Høie oversender i skriv datert 30.09.14 Kontrollutvalet si handsaming av sak 16/14; Reglementet for kontrollutvalet – Endring vedk. kap. 8 om høyring, for handsaming i kommunestyret.

Kontrollutvalet si handsaming i møte 16.09.14, sak 16/14:

Utvalssekretær gjorde greie for saka. Utvalet hadde ingen merknader.

SAMRØYSTES VEDTAK I KONTROLLUTVALET OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følge av lovendring om kontrollutval og lukking av møta. Innleiinga av kapittel 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.


28.10.2014 KOMMUNESTYRET

Kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret vart samrøystes vedtatt.

KS-074/14 VEDTAK SAMRØYSTES:

Vindafjord kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Vindafjord kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kapittel 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.



KONTROLL: Politikere har bestilt kontroll av Haugaland Kraft AS, her representert ved direktør Olav Linga. Arkivfoto: Einar Tho

Kontrollerer Haugaland Kraft

Hgsds Avis 15.10.14

Kontrollutvalgene i eierkommunene spleiser på selskapskontroll av Haugaland Kraft AS.



ESPEN LØVVIK

Publisert 15.10.14

POLITIKK: Kontrollutvalgene på Haugalandet har i høst gått sammen om å få utført en selskapskontroll av Haugland Kraft AS og det heleide datterselskapet Haugaland Næringspark AS.

Revisjonsfirmaet Deloitte skal gjennomføre kontrollen og kommunene som eier Haugaland Kraft spleiser på utgiftene.

Det var politikere i kontroll-utvalget i Karmøy som tok initiativet og spurte om kollegene i de andre kommunene ville bli med. Rapporten skal være klar til våren.

– Hovedformålet er å undersøke om selskapene har etablert system og rutiner for å sikre at selskapene driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Temaer som er valgt ut omfatter blant annet eiersignaler, retningslinjer for innkjøp, sponsing, etisk adferd, HMS og beredskap, utdypet Simon Næsse (Ap), som er leder for kontrollutvalget i Karmøy.

Haugaland Kraft (HK) hadde per 31.12.2013 262 ansatte og omsatte for drøyt en milliard kroner. HK eies av kommunene Karmøy (44,84 %), Haugesund (31,97 %), Tysvær (9,80 %), Vindafjord (6,85 %), Sveio (5,05 %), Bokn (1,08 %) og Utsira (0,41 %).

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.11.14	21/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - «EIGARSKAPSKONTROLL»

Saksvedlegg: Tilbakemelding frå rådmannen, e-post av 29.10.14
K-styresak 80/13, Eigarskapsmelding 2013-2014
Eigarskapsmelding 2013-2014 (ikkje lagt ved saka)

Bakgrunn:

Kommunestyret handsama i møte den 10.06.13 rapport frå Eigarskapskontroll i Vindafjord kommune og følgjande vedtak blei fatta i sak 40/13:

- Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i rapporten om eigarskapskontroll og tek denne til etterretning.*
- Vindafjord kommunestyre vil be rådmannen arbeide vidare med revisor sine tilrådingar for å vidareutvikle eigarskapsforvaltninga og framtidige eigarskapsmeldingar.*
- Rådmannen blir bedd om å gje kontrollutvalet ei orientering om arbeidet innan 01.07.14.*

I rapporten kom revisor med følgjande tilrådingar:

- I større grad markere og leggje til rette for ei differensiert tilnærming til eigarskapsutøvinga.*
- Bli tydelegare på val av selskapsform og kva konsekvensar det har for eigarstyring.*
- Etablere enkle opplæringsrutinar for nyvalde styremedlemer.*

Saksorientering:

Rådmannen har i e-post av 29.10.14 gitt ei tilbakemelding på korleis rapporten er blitt fylgt opp, sjå vedlegg.

I sitt svar gjer rådmannen greie for dei tiltak som er gjort når det gjeld dei ulike anbefalingane.

"I større grad markera og leggja til rette for ei differensiert tilnærming til eigarskapsutøvinga"

«Bli tydlegare på val av selskapsform og kva konsekvensar det har for selskapsstyring»

Rådmannen skriv:

Rådmann og økonomisjef hadde møte med KPMG i framkant av revideringa av eigarskapsmeldinga for å få innspel på korleis ein konkret kunne følgje opp tilrådinga frå revisjonsselskapet. Meldinga vart lagt fram for kommunestyret 17. 12 2013, under sak 80/30 – sjå vedlegg.

I saksutgreiinga skreiv rådmannen mellom anna:

«I ny revidert Eigarskapsmelding for 2013-2014 har ein forsøkt å ta omsyn til dei tilrådingar som er gitt i KPMG sin rapport. Ein har til dømes trekt fram fem selskap som særleg viktige for Vindafjord kommune, og gitt ein klarare strategi for eigarskapet. Meldinga gir ei betre framstilling av dei ulike selskapsformene, som grunnlag for vurdering av om valt selskapsform er i tråd med den eigarstyring kommunen har behov for. Dette må vegast opp mot kva motiv kommunen har for dei ulike eigarskapa.»

Eigarkommunane til Haugaland kraft har sett i gong eit arbeid med revidering av eigarstrategien over for selskapet.

Karmøy kommune har fått ei leiande rolle i dette arbeidet. I denne samanheng har det vore arrangert eit seminar for ordførar / rådmenn i kommunane for å styrke kunnskapen om eigarstyring av slike selskap. Eigarstrategien vil vera klar for politisk behandling på nyåret.

Ein er og kjend med at fleire kommunar i seinare tid har vedteke «prinsipp for god eigarstyring». Rådmennene på Haugalandet har hatt dette oppe som tema på fellesmøte i år, og vil arbeide vidare med dette. Eigarskapsmeldinga skal rullerast igjen i 2015. Det vil vera naturelg å ta dette opp i den samanheng.

«Etablere enkle opplæringsrutinar for nyvalde styremedlemmer»

Rådmannen skriv at:

I samband med oppstart av nytt kommunestyre etter nyval, har KS eit tilbod om opplæring for nye kommunestyrerepresentantar.

I denne opplæringspakken er det og tilbod om opplæring innan eigarstyring. Rådmannen vil ta initiativ til at det vert lagt større vekt på dette tema etter valet i 2015. Denne opplæringa og eigarskapsmeldinga vil og danne grunnlaget for informasjon til nye styremedlemmer ved ev. skifte i valperioden. Utover dette har ein ikkje lagt opp til andre rutinar for opplæring.

Rådmannen har svara på alle tilrådingane i rapporten, og han vil kunne utdjupa sine svar i møtet.

I følge kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheiter i dei konkrete tilfella, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde saker vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er fylgt opp på ein tilfredsstillande måte

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Eigarskapskontroll» til orientering.

Melding om oppfølging sendes kommunestyret til orientering.

Aksdal, 05.11.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

VEDLEGG SAK 24/14

Emne **SV: Oppfølging av kommunestyrevedtak
KS040/13-Rapport etter eigarskapskontroll**

Avsender Kristian Birkeland
<Kristian.Birkeland@vindafjord.kommune.no>

Mottaker 'Odd Gunnar Høie' <ogh@kontrollutvalgene.no>

Kopi til Ove Eidsheim <Ove.Eidsheim@vindafjord.kommune.no>, Ole
Johan Vierdal <Ole.Johan.Vierdal@vindafjord.kommune.no>

Dato 2014-10-29 09:10

soundcube 

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 29.10.14
Journalført: 14/358/096
Arkivkode: 217

- Eigarskapsmelding 2013-14.pdf (363 KB)
- Sak om eigarskapsmelding 2013-14.doc (40 KB)

Viser til spørsmåla i eposten under og mitt førebels svar tidlegare i denne månaden.

Under eigarskapskontrollen vart det peika på tre forhold kommunen burde leggja meir vekt på. Eg vil her kort gjera greie for status i forhold til desse punkta:

**"I større grad markera og leggja til rette for ei differensiert tilnærming til eigarskapsutøvinga"
«Bli tydlegare på val Av selskapsform og kva konsekvensar det har for selskapsstyring»**

Rådmann og økonomisjef hadde møte med KPMG i framkant av revideringa av eigarskapsmeldinga for å få innspel på korleis ein konkret kunne følgje opp tilrådinga frå revisjonsselskapet. Meldinga vart lagt fram for kommunestyret 17. 12 2013, under sak 80/30.

I saksutgreiinga skreiv rådmannen mellom anna:

I ny revidert Eigarskapsmelding for 2013-2014 har ein forsøkt å ta omsyn til dei tilrådingar som er gitt i KPMG sin rapport.

Ein har til dømes trekt fram fem selskap som særleg viktige for Vindafjord kommune, og gitt ein klarare strategi for eigarskapet.

Meldinga gir ei betre framstilling av dei ulike selskapsformene, som grunnlag for vurdering av om valt selskapsform er i tråd med

den eigarstyring kommunen har behov for. Dette må vegast opp mot kva motiv kommunen har for dei ulike eigarskapa

Saka og eigarskapsmeldinga er lagt ved denne e-posten.

Eigarkommunane til Haugaland kraft har sett i gong eit arbeid med revidering av eigarstrategien over for selskapet.

Karmøy kommune har fått ei leiande rolle i dette arbeidet. I denne samanheng har det vore arrangert eit seminar for ordførar / rådmenn

i kommunane for å styrke kunnskapen om eigarstyring av slike selskap. Eigarstrategien vil vera klar for politisk behandling på nyåret.

Ein er og kjend med at fleire kommunar i seinare tid har vedteke «prinsipp for god eigarstyring» .

Rådmennene på Haugaladet har hatt dette

oppe som tema på fellesmøte i år, og vil arbeide vidare med dette. Eigarskapsmeldinga skal rullerast igjen i 2015.

Det vil vera naturelg å ta dette opp i den samanheng.

«Etablere enkle opplæringsrutinar for nyvalde styremedlemmer»

I samband med oppstart av nytt kommunestyre etter nyval, har KS eit tilbod om opplæring for nye kommunestyrerepresentantar.

I denne opplæringspakken er det og tilbod om opplæring innan eigarstyring. Rådmannen vil ta initiativ til at

det vert lagt større vekt på dette tema etter valet i 2015. Denne opplæringa og eigarskapsmeldinga vil og danne grunnlaget for informasjon til nye styremedlemmer ved ev. skifte i valperioden. Utover dette har ein ikkje lagt opp til andre rutiner for opplæring.

Desse punkta kan utdjupast på møte

Med helsing

Kristian Birkeland
Rådmann
Tlf. +47 91602107
Epost: kristian.birkeland@vindafjord.kommune.no

Telefon sentralbord: 53 65 65 65
www.vindafjord.kommune.no
Epost: postmottak@vindafjord.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Odd Gunnar Høie [mailto:ogh@kontrollutvalgene.no]

Sendt: 16. oktober 2014 11:38

Til: Kristian Birkeland

Kopi: Ove Eidsheim; Øyvind Haraldseid

Emne: Oppfølging av kommunestyrevedtak KS040/13-Rapport etter eigarskapskontroll

Hei,

- jeg ser det ble satt en frist til 01.07.14 for å gi kontrollutvalget en orientering om arbeidet med oppfølging av rapporten etter eigarskapskontroll.

Dette har ikke blitt fulgt opp enda, og neste møte i kontrollutvalget er 12.11.14. Det vil være fint om utvalget kan få en oppfølging på det møtet.

Dersom det blir utarbeidet skriftlig materiale som skal følge saken vil sekretariatet ha det oversendt senest tirsdag 04.11.14.

Det vil også bli satt opp egen sak om forslaget til budsjett for 2015 på KU møtet den 12.11.14 - og rådmann/økonomisjef vil bli bedt om å gi en orientering.

--

Vennlig hilsen

Odd Gunnar Høie
Rådgiver

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Telefon: 52 75 73 53 / 959 86 977
E-post: ogh@kontrollutvalgene.no

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	10.12.2013	128/13	OVE
Kommunestyret	17.12.2013	080/13	OVE

Avgjerd av: Saksansv.: Ove Eidsheim	Arkiv: K1-28 Objekt:	Arkivsaknr 12/624
--	---------------------------------------	-----------------------------

EIGARSKAPSMELDING 2013-2014

Dokumentliste:

Eigarskapsmelding 2013-2014

Saka gjeld:

Eigarskapsmelding 2013-2014 for selskap som Vindafjord kommune har eigar- eller deltakarinteresser i.

Saksopplysningar:

Vindafjord kommune laga si første Eigarskapsmelding for 2012-2013 våren 2012. Denne blei vedtatt i Kommunestyret i sak 029/12 , den 17. april 2012.

KPMG AS har utført ein selskapskontroll i form av ein obligatorisk eigarskapskontroll. Oppdraget er gitt av Kontrollutvalet i Vindafjord kommune i møte den 25. februar 2013. Rapporten etter kontrollen er handsama i Kontrollutvalet i sak 10/13 den 15. mai 2013, og i Kommunestyret i sak 40/13 den 10. juni 2013. Kommunestyret sitt vedtak i saka er i tråd med innstilling frå Kontrollutvalet, og er som følgjer:

1. *Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i rapporten om eigarskapskontroll og tek denne til etterretning.*
2. *Vindafjord kommunestyre vil be Rådmannen arbeide vidare med revisor sin tilrådingar for å vidareutvikle eigarskapsforvaltninga og framtidige eigarskapsmeldingar.*
3. *Rådmannen blir bedd om å gje kontrollutvalet ei orientering om arbeidet innan 01.07.14.*

I ny revidert Eigarskapsmelding for 2013-2014 har ein forsøkt å ta omsyn til dei tilrådingar som er gitt i KPMG sin rapport. Ein har til dømes trekt fram fem selskap som særleg viktige for Vindafjord kommune, og gitt ein klarare strategi for eigarskapet. Meldinga gir ei betre framstilling av dei ulike selskapsformene, som grunnlag for vurdering av om valt selskapsform er i tråd med den eigarstyring kommunen har behov for. Dette må vegast opp mot kva motiv kommunen har for dei ulike eigarskapa.

I Eigarskapsmeldinga si inneleiing heiter det: *"Selskapa sine strategiske mål vert i stor grad utforma av selskapsstyra. Difor er det viktig at kommunestyret i Vindafjord ovanfor selskap med sterke kommunale eigarinteresser aktivt definerer og revurderer motiv, mål og forventingar"*

Sidan førre eigarskapsmelding har kommunen auka eigardelen i Vindafjord Tomteselskap AS (KS sak 074/12) og Øyane Asvo AS (KS sak 004/13). Vidare har ein vore med på etablering av Vindafjord Næringshage AS (FS 073/12). Haugaland Vekst IKS (KS sak 066/13) vil frå 1.1.2014 få ei endra rolle knytta til utvikling og drift av regionale prosjekt ved at alle Haugalandskommunane blir deltakarar i selskapet. Ein har difor valt å ta dette selskapet med i eigarskapsmeldinga.

Vurdering:

I eigarskapsmeldinga er det trekt fram fem selskap som er vurdert som særskilt viktige for Vindafjord kommune. Desse er Haugaland Kraft AS, Haugaland Interkommunale renovasjonsselskap IKS, Vindafjord tomteselskap AS, Øyane ASVO AS og Vindafjord næringshage AS. Eigarskapet i desse verksemdene er viktig fordi det gir kommunen innflytelse på viktige område i høve til samfunnsutvikling og tenesteproduksjon. Samspel med andre kommunar og lokalt næringsliv er også viktige faktorar, fordi det gir ei større gjennomførings-kraft i det ein ønskjer å få til.

Eigarskap i andre verksemdar enn desse fem er også viktige for kommunen i ulik grad, men har mindre fokus i komande periode.

I samband med vurdering av eigarskap, ser ein at særleg eit selskap etter kvart har fått mindre betydning for Vindafjord kommune. Dette gjeld Opero AS, ei attføringsbedrift for Sunnhordlands-regionen. Eigarskapet skriv seg frå gamle Ølen kommune, som hadde tettare bånd til Sunnhordland enn kva som no er tilfelle. Vindafjord kommune eig i tillegg i to andre attføringsbedrifter, - Øyane Asvo AS og Haugaland Industri AS. Ein vurderer at eigarskap i Opera AS ikkje lenger er interessant, og foreslår å selje eigardelen i selskapet.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

- 1. Eigarskapsmelding for Vindafjord kommune 2013-2014 blir vedteke slik den ligg føre.**
- 2. Eigardelen i Opero AS blir lagt ut for sal.**

10.12.2013 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

FS-128/13 TILRÅDING SAMRØYSTES:

- 1. Eigarskapsmelding for Vindafjord kommune 2013-2014 blir vedteke slik den ligg føre.**
- 2. Eigardelen i Opero AS blir lagt ut for sal.**

17.12.2013 KOMMUNESTYRET

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedtatt (med 23 røyster).

Reidar Håvås var ikkje til stades under avrøystinga.

KS-080/13 VEDTAK SAMRØYSTES (MED 23 RØYSTER):

- 1. Eigarskapsmelding for Vindafjord kommune 2013-2014 blir vedteke slik den ligg føre.**
- 2. Eigardelen i Opero AS blir lagt ut for sal.**

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	12.11.14	22/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2015-2018

Bakgrunn:

Kontrollutvalet deltar ikkje i sjølve behandlinga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si løypande drift. Det bør derfor være fast praksis at kontrollutvalet får seg forelagt dei økonomirapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legg fram sitt forslag til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og KDR si forskrift frå 15.12.00

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018:

Budsjettframlegg for 2015 og økonomiplan 2015-2018 er lagt ut på kommunen si nettside www.vindafjord.kommune.no eller kan hentast på rådhuset.


Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarsområda. Budsjett og økonomiplan vart endeleg handsama av kommunestyret i på møtet 17. desember.

Rådmannen vil gjere greie for sitt framlegg til budsjett og økonomiplan i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 og økonomiplan 2015-2018 til orientering.

Aksdal, 05.11.14



Odd Gunnar Høie

Rådgjever/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	12.11.14	23/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VINDKRAFTVERK-SAKA

Vedlegg: Notat frå KPMG AS av 04.11.14
Notat frå Advokatfirmaet Lund & Co av 21.01.14 (vedlegg i k.styresak 14/14)

Bakgrunn:

I protokollen frå kontrollutvalet sitt møte den 14.05.14 under Eventuelt er følgjande protokollert:

Vindmølle-utbygging

Utvalsleiar tok opp ei sak om handsaminga av søknader om utbygging av vindmøller i kommunen. Han var blitt kjent med at «kommunen» hadde satt fram ønske/krav til godtgjersle/tilleggsyting frå utbyggerar før ein søknad ville bli handsama. Det hadde også kome fram at form/storleik på godtgjersla kunne påverke resultatet av handsaminga i politiske organ. Fleire moglege utbyggerar hadde avslutta samarbeidet grunna dette.

Utvalet var usikre på korleis saka skulle handsamast. Sekretariatet og revisor fekk i oppdrag å undersøke vidare saksgang. Utvalet ville ta saka opp igjen på neste møte.

Utvalet drøfta igjen saka på møtet den 16.09.14 og i protokollen under Eventuelt heiter det:

Vindkraftverk-saka

Anders Haugland tok opp att sak frå førre møte, under Eventuelt, om kommunen sin handsaming rundt etablering av vindkraftverk og krav framsett til ein utbyggingsavtale.

Utvalet var samd om at dei ville be revisor sjå nærare på forholda og dokumentasjon lagt fram i kommunestyresak 14/14, Vindkraftverk og utbyggingsavtalar, samt 15 og 16/14 om høyring for søknad om konsesjon.

Utvalet ønskte at det blir lagt fram sak til neste møte.

Saksorientering:

Revisor blei i førre møte beden om å sjå nærare på forholda og dokumentasjonen lagt fram i kommunestyresak 14/14 som omhandla Vindkraftverk og utbyggingsavtalar, og sakene 15/14 og 16/14 om høyring for søknad om konsesjon.

KPMG AS har utarbeida eit notat om saka, sjå vedlegg. I notatet skriv revisor mellom anna:

- *Avtalen med utbygger opplyses å være juridisk vurdert. Juridisk notat er særlig innrettet som en vurdering av legaliteten rundt å inngå denne type avtaler.*
- *Fullmakter til kommunens forhandlingsutvalg:*
 - *I sak 16/14 ble det i kommunestyrets vedtak gitt føring på at det måtte fremforhandles avtale mellom utbygger og kommune om økonomiske kompensasjoner*
 - *Forbehold om godkjenning av avtalen i kommunestyret.*
- *I sak 15/14 vedr. Bukkavibba og sak 16/14 vedr Døldarheia vindkraftverk opplyses at kommunen ikke er kjent med innholdet i avtaler mellom andre kommuner og utbygger.*
- *I forhold til konsesjonssakene (hhv.sak 15 og 16):*
 - *Rådmannens oppsummering synes å være identisk når det gjelder positive sider*
 - *Rådmannens oppsummering er noe forskjellig når det gjelder negative sider.*

Revisor vil i møtet utdjupe sitt notat og svara på eventuelle spørsmål.

Notatet frå advokatfirmaet Lund & Co var eit vedlegg til kommunestyresak 14/14. Notatet omhandlar lovfesta inntekter til vertskommunar frå vindkraftverk.

Under pkt. 2 i notat skriv advokatfirmet Lund & Co mellom anna:

2. Andre muligheter for direkte inntekter til vertskommunen fra vindkraftanlegg

I dag foreligger ingen andre direkte, lovbestemt inntekter til vertskommuner for vindkraftanlegg enn eiendomsskatt. Dette til forskjell fra vannkraft, hvor det er etablert flere økonomiske ordninger som skal sikre vertskommunene en andel av verdiskapningen og kompensasjon for ulemper.

Flere vindkraftkommuner har i mangel av tilstrekkelig regelverk inngått avtaler med utbyggere hvor det er avtalt økonomisk kompensasjon og verdifordeling. Noen kommuner har avtalt å sikre et visst årlig inntektsnivå, noen kommuner har avtalt engangskompensasjon for ulemper og andre har også avtalt en verdifordeling basert på oppnådd kraftpris.

I notat blir det også vist til eit Dokument 8 framlegg, handsama av Stortinget i 2013. Framlegget omhandla eit ønskje om å få på plass ei utgreiing om skatte- og konsesjonsmessige rammebetingelser for vindkraftproduksjon. Framlegget blei avvist av stortingsfleirtalet, som mellom anna viste til at «*mange vindkraftutbyggere inngår frivillige avtaler med kommunen der utbyggingen skal foregå*».

KPMG har i sitt notat kome med nokre spørsmål som utvalet bør avklare i møtet:


